



**Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Sandane Næringshage  
Sandane Senter, 3. etasje  
6823 Sandane

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3138

fmvlpst@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-  
Gjengedal

Inge Erikstad  
Årdalsvegen 222  
6843 Skei i jølster

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2021/10571-0 444

Dykkar ref. YWTUJQ

Dato 13.07.2021

## **Løyve - delegert vedtak - Naustdal-Gjengedal LVO - Helikopterlanding i Årdalskupa - Inge Erikstad**

### **Delegert vedtak frå verneområdeforvaltar**

**Inge Erikstad får løyve til å lande med helikopter ved Årdalskupa i samband med transport av material, saltstein og ved. Løyvet gjeld for inntil fem landingar i perioden 19. juli til 29. oktober 2021 og er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3. b), e) og f).**

#### Vilkår for løyvet:

- Søkjar er sjølv ansvarleg for løyve frå kommunen
- Løyvet skal vere med under flyging/landing
- Det skal ikkje flygast på sundagar
- Det skal ikkje landast nærmare villrein enn 1 km
- Statens naturoppsyn (tlf: 40448216) skal varslast før flyginga tek til
- Det skal sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltar når flyginga er gjennomført

### **Informasjon om klagerett**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Alf Erik Røyrvik  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Saksutgreiing

### Dokument i saka:

- Søknad om helikopterlandingar i Årdalskupa, sendt inn via elektronisk søknadsskjema for motorferdsel i verneområde
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Løyve til bygging av naust i Årdalskupa

### Søknaden

Grunneigarane i Årdalskupa på Jølster har tidlegare i år fått løyve til å bygge eit felles naust ved Kupevatnet. I samband med bygginga av nauset er det behov for å transportere opp material til bygginga opp til Kupevatnet. I tillegg er det behov for å transportere opp saltsteinar til sauene og ved til hyttene. Og, når ein først har helikoptertransport her, vil grunneigarane transportere ned skrot og gammalt bygningsavfall.

Inge Erikstad søker på vegner av grunneigarane om løyve til å lande med helikopter ved Årdalskupa. Han søker om inntil fem landingar i perioden 19. juli til 29. oktober 2021.

### Regelverk

Motorferdsel på landjorda og på vatn er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og det inkluderer landing og avgang med helikopter.

Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til motorferdsel til visse føremål og på visse vilkår, mellom anna i samband med transport av material. Det er og opna for å gje løyve til transport av saltstein og av ved og andre forsyningar til hytter.

Verneforskrifta § 3:

*5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

- b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite*
- e) transport av varer til hytter og stølar*
- f) transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på stølshus, hytter, gangbruer og liknande.*

Det er altså heimel i verneforskrifta til å gje løyve slik det er søkt om.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12-

Søkjær er sjølv ansvarleg for løyve frå Sunnfjord kommune.



## **Vurdering**

Når det vert gjeve løyve til oppføring av nye bygningar eller anna byggearbeid i eit verneområde, so er det og naturleg at det vert behov for transport av material og utstyr i samband med byggearbeidet. Forvaltninga har som praksis å kome denne typen transportbehov i møte. Det same gjeld transportar knytt til beitebruk og transport av forsyningar til eksisterande hytter. Det er ønskjeleg at området vert brukt, og då er desse transportbehova ei naturleg følgje av bruken. Forvaltningsstyresmakta brukar derfor å gje løyve til slike transportar so lenge det er fagleg forsvarleg og innan rimelege grenser.

Dette er eit område kor forvaltninga er godt kjent. Her har vore fleire saker opp gjennom åra og vi har hatt fleire synfaringar i Årdalskupa. Her er ikkje registrert sårbare naturverdiar som kan verte negativt påverka i særleg grad, av nokre helikopterlandingar (ref. databasane på Fylkesatlas). Det er eit populært område for friluftsliv og turfolk kan verte uroa av helikopterflyging i området. Dersom ein er litt medveten på dette, og informerer folk som måtte opphalde seg i området, so brukar likevel ikkje dette vere noko problem.

Årdalskupa er innanfor leveområdet til villreinen i Førdefjella. Men det er ein del av området som er lite brukt av reinen, og det er ikkje registrert som verken trekkområde eller kalvingsområde. Dessutan er bruk av helikopter på sommaren og hausten den mest skånsame og minst problematiske måten å utføre transportar i leveområdet til reinen på, når det først må gjerast. Kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er tilstrekkeleg i saka.

Det er søkt om inntil fem landingar i perioden 19.7 – 29.10.21. Fem landingar er eit rimeleg tal med tanke på det som skal transporterast, både til naust, til hytter og saltstein. Helikopter er uansett ein særskild effektiv måte å transportere på, og fem hiv vil truleg vere unnagjort på under ein time. Tidsperioden det er søkt om er gunstig. Vi er i god tid etter hekke-/yngletid for fuglar og anna vilt og soleis i ein periode kor viltet toler kortvarig uro. Både omfanget og perioden er derfor innanfor det som er tilrådeleg. Det er og slik at bruk av helikopter er den mest skånsame og effektive måten til å utføre denne typen transportar på. Kravet om mest skånsame metode i nml § 12 er derfor oppfylt.

Eit løyve her vil vere i tråd med den etablerte forvaltningspraksisen og vil ikkje skape nokon uheldig presedens. Vi er i eit område kor det er noko motorferdsel sidan her er nokre bygningar og ein del beitebruk. Men motorferdsel er godt organisert, fornuftig regulert og godt innanfor rimelege grenser. Den samla belastninga av motorferdsel i området er godt innafor det som er akseptabelt, jamfør nml § 10.

Nml §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.

Kopi til:

Sunnfjord kommune  
Villreinnemnda for Sogn og Fjordane  
SNO Sandane  
Statsforvaltaren i Vestland

Postboks 338 6802 FØRDE

Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER